

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 21.februar 2024 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Sigrid Beate Tveit Eskeland

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Dag Kjetil Læg Reid (1. vara) og Runar Isdahl (2.vara)
Forfall: Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram

SAKLISTE

2024/22- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2024/23- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2024/20 - Prinsipp rundt inngangspenger og gudstjenestefeiring (nattverd)

2024/21 – Søknad frå koret HAPPY

2024/19- 317 Ordning for takkoffer (Utsett frå førre møte)

Gudstenesteutvalet drøfta i sitt møte 15.februar nokre tankar om praksis når vi tek opp takkoffer. Dei vedtok følgjande: «*Det vert å opplyse i gudstenesta om takkoffer og form like før vi syng takkoffersalmen for å tydeleggjere dette liturgiske elementet. Info om offeret vil fortsatt komme under kunngjeringane. Vi bed SR komme med si vurdering av dette mtp ei breiare forankring*». Soknerådet inviterast her til å delta i vurderinga.

Vedtak:

- Støttes frå soknerådet å tydeleggjere dette i liturgien / gudstenesta, konkret ved at liturg presiserer at no (under neste salme) gir vi takkoffer
- Ønskje om at ein i kunngjeringane seier eit par setningar som motiverer til å gje, og unngår utydelege omgrep som «kyrkjelydsarbeidet» utan at det vert gitt eksempel på kva det betyr i praksis.
- Oppmoding om å spele eit vers (utan songtekst) først i salmen så det er mogleg å gjere ferdig VIPPSing før ein byrjar å syngja. Eventuelt at ein berre har musikk utan song.

2024/24- 350 Kyrkjemusikalsk arbeid i soknet

Kyrkjemusikar Noah Wibe deltek i møtet og gir ei orientering om det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet. Soknerådet ønskjer særleg å høyre om moglegheiter og utfordringar i arbeidet, og korleis soknerådet kan bidra til eit godt kyrkjemusikalsk arbeid i soknet.

Aktuelle tema for samtalen:

- Generelt om bruk av musikarar i gudstenester, inkl. Jazz-gudsteneste
- Informasjon om konfirmantgruppe / band
- Fredsmesse 21.april – naudsyn te avklaringar

Stikkord frå samtalen:

- Soknerådet uttrykker stor støtte til det kyrkjemusikalske arbeidet og er imponert over breidda i det musikalske uttrykket («Frå Bach til band»)
- Kyrkjemusikar synes det er positivt at soknerådet har innvilga økonomiske midlar til musikarar i gudstenester på førstedagar når fellesrådsøkonomien ikkje strakk til.
- 5 konfirmantar med i konfirmantband i haust. Veldig meningsfullt arbeid.
- Forsongargruppe er etablert og skapar eit godt fellesskap for dei som deltek. Facebookgruppe der ein får informasjon om songar komande søndag, og elles kan ein koma i kyrkja ein halvtime før gudstenesta og bli med å øva. Låg terskel for å bli med.
- Har og starta eit kyrkjeband, men har satt det på vent ift deltaking. Ønskjer at fleire kjem og seier «Eg kan spele ..., når kan eg bli med?»

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Er i ei slags utprøvingstid kor ein prøver ulike satsingar, t.d. konfirmantband, jazz-gudsteneste, forsongerteneste, korgudsteneste mm.
- Fredsmesse 21.april. Kirsti og Dag Kjetil har sagt dei kan vere med som frivillige på dette arrangementet. Karen Irene Høyland har sagt ho kan vere kontaktpunkt for det som gjeld matserving til koret.

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2024/25- 350 Kyrkjemusikalsk plan

Soknerådet har i sine mål for 2024 sagt at me ønskjer å etablere ein kyrkjemusikalsk plan. Kyrkjemusikar Noah Wibe har utarbeida ein overordna plan (vedlagd) som kan vere eit startpunkt. Soknerådet inviterast til ei drøfting rundt kva ein lokal kyrkjemusikalsk plan bør innehalda og korleis vi legg opp arbeidet med dette framover.

Vedtak:

Soknerådet bed arbeidsutvalet om å laga eit forslag til en lokal kyrkjemusikalsk plan saman med kyrkjemusikar. Aktuelle prioriteringar frå soknerådet:

- Satsing på samarbeid med lokale musikarar
- Involvering og samarbeid med både frivillige, amatørar og profesjonelle, særleg ungdom.
- Forsongerteneste som ei inkluderande og kjekk teneste som er lett å bli med i
- Støtte til å arbeide med konfirmantband
- Korgudsteneste som satsing.

2024/26- 354 Rutinar for soknet som konsertarrangør

Innimellom får kyrkja i Stord førespurnadar om å stilla som arrangør på konsertar i kyrkja. Erfaringa vår er at den som tek kontakt med oss er musikar sjølv som kunne tenka seg å halda konsert i kyrkja, med kyrkja som arrangør. Per dags dato er det ikkje klåre rutinar eller bestemte rammer til grunn for korleis desse sakene vert handsama. Kyrkjemusikar Noah Wibe har utarbeida utkast til rutinar (vedlagd) som kan vere eit startpunkt. Soknerådet inviterast til ei drøfting av korleis ein ønskjer å handsama slike førespurnadar og å ta stilling til kva rolle soknerådet (eller utval tilknytt soknerådet) skal ha i slik handsaming.

Vedtak:

Soknerådet bed arbeidsutvalet ferdigstille retningslinjer saman med kyrkjemusikar, med følgjande føringar:

- Kyrkjemusikar får delegert oppgåva med å godkjenne innhald / at føremålet med utleige av kyrkjerommet er i tråd med intensjonen. Prinsipielle avgjerder skal til soknerådet.
- Kyrkjemusikar tek i mot førespurnadar om konsertar, og viser i hovudsak til utleige av kyrkja framfor at soknet er medarrangør. Kyrkjemusikar kan fremja forslag til AU der ein ser at det bør vurderast at soknet er medarrangør.

2024/27- 046 Årsrapport 2023

Soknerådet utarbeider innan 1. mars kvart år ein årsrapport over rådets aktivitet siste kalenderår. Rapporten vert framlagt årsmøtet/soknemøtet og vert sendt Kyrkjeleg Fellesråd, Prosten, Bispedømerådet og andre som soknerådet ynskjer. Soknerådet ba AU laga utkast til rapporten i sitt møte 24.januar. Oppdatert rapport vart lagt fram i møtet.

Vedtak: Godkjent

2024/28- 130 Årsrekneskap 2023

Årsrekneskapen for 2023 er avlagd og sendt til revisjon. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig driftsoverskot/mindreforbruk på kr 65 105. Rekneskapsrapporten er vedlagt i årsrapporten.

Vedtak: Stord sokneråd godkjenner rekneskapen for 2023. Driftsoverskotet for 2023 vert satt av til ubunde fond. Revisjonsberetning skal leggst fram for soknerådet når den føreligg.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2024/29- 211 Høyring vedk. utlysing av stillingar innan undervisning og diakoni.

Stord Kyrkjelege Fellesråd har invitert soknerådet til å uttale seg om utlysing av stillingar innan undervisning og diakoni, jfr brev sendt ut med innkallinga.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer at ein lyser ut stillingane med innhald tilsvarende det som vert ledig, med vekt på følgjande:

1. Pedagogisk kompetanse innanfor trusopplæring
2. Kontinuitet i eksisterande / påbegynt arbeid, særleg ungdomsklubb som satsing innan ungdomsdiakoni.
3. Nemne konfirmantarbeid spesielt for å sikre motivasjon for dette?
4. Om ein finn eigna kandidat og har kapasitet utover dagens arbeid ser ein eit behov for ytterlegare arbeid for ungdom i alderen 12-18 år.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Me går inn i påsketida. Familiegudsteneste palmesøndag og ulike gudstenester i både Stord og Nysæter utover i påska.
 - b. Jazz-gudsteneste 7.april og eigen dåpsgudsteneste for sju konfirmantar.
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
- ~~3. Folk i sentrum 8. 9.juni 2024 (saka utsett)~~
4. Utval – oppdatering av mandat og medlemmer (Utsett frå førre møte)
 - a. Under punktet for gudstenesteutval vart det og drøfta saka om AV-utstyr og bruk av prosjekter / skjermar i kyrkja. Anders følgjer opp dette med tilsette. Viktig at ein får prøvd ut eksisterande løysingar fullt ut før ein set opp mykje nytt utstyr.
5. Praktiske oppgåver på informasjonskvelden 14.april
 - a. Randi tek ansvar for å skaffe kringle og organisere kjøkkentenesta denne kvelden
 - b. Magne kan kanskje ta ansvar for praktisk rigging av bord mm. (må bekreftast)
 - c. Anders tek ansvar for innhald og møteleiing

Skriv, referat og meldingar

1. Aktivitetsplan for diakoni våren 2024
2. Referat gudstenesteutval 13.mars

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Arbeidsutvalet i Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 14.mars 2024 Kl. <u>16.00 – 17.30</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)

Til stades: Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland og Jørgen Knudsen
Refererte saker er handsama på vegne av Stord sokneråd med bakgrunn i generelt mandat til arbeidsutvalet.

SAKLISTE

2024/20- 354 **Prinsipp rundt inngangspenger og gudstjenestefeiring (nattverd)**

I forbindelse med konsertførespurnad har det kome opp ei problemstilling der arrangør ønskjer å ta inngangspengar på ein konsert der det er innlagd nattverd i programmet. Dette er problematisk med bakgrunn i kyrkja sin tradisjon om at det ikkje skal koste pengar å kome på gudsteneste.

Vedtak:

Stord sokneråd (v/AU) klargjer at følgjande prinsipp gjeld hos oss:

- Arrangør kan ikkje kombinere inngangspengar og gudstenestefeiring (nattverd)
- Arrangør kan ha kollekt (med tydeleg oppmoding om å bidra til konsertens økonomi) i ein konsert som også er ei gudsteneste (har nattverd).

2024/21- 121 **Søknad frå koret HAPPY**

Soknerådet har motteke ein søknad frå prosjektkoret HAPPY som rettar seg mot personar med nedsett funksjonsevne. Koret søker om økonomisk støtte på kr 5 000,- for året 2024. Satsinga til HAPPY er i tråd med soknerådet sine målsetnader om HEL-arbeid.

Vedtak:

Soknerådet (v/AU) innvilgar støtte på kr 5 000,- til koret HAPPY, frå budsjettposten Stønad til lag og organisasjonar.

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent